

Innspel til profesjonsmeldinga frå Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (Nynorsksenteret) takkar for høvet til å koma med innspel til profesjonsmeldinga. I innspelet vårt tek me i all hovudsak føre oss lærarutdanningane. Det viktigaste innspelet vårt er at lærarutdanningane må sikra at lærarstudentane får den nynorskkompetansen dei treng som lærarar, uavhengig av kvar dei studerer og kva for lærarutdanning dei tek. Elevar treng lærarar som har god nynorskkompetanse for å bli trygge språkbrukarar, anten dei har nynorsk som hovudmål eller som sidemål.

Om Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa

Nynorsksenteret er eit ressurscenter for nynorsk i skulen og barnehagen, og me arbeider for god nynorskopplæring for alle. Senteret skal også vera rådgjevar for dei nasjonale utdanningsstyresmaktene. Lærarutdanningane er svært viktige for at nynorskopplæringa skal vera god for alle.

Nynorsk i lærarutdanningane

I grunnlaget for innspel til melding til Stortinget om profesjonsutdanningane er det identifisert nokre utfordringar som profesjonsmeldinga må klargjera. Ei av utfordringane som vert trekt fram, er at studentar på norske universitet og høgskular skal læra det dei treng for å vera relevante i arbeidslivet og for å kunna delta i samfunnslivet i dag og framover.

Slik det er i dag, sikrar ikkje lærarutdanningane nynorskkompetanse, eller kompetanse i nynorskdidaktikk, for lærarstudentane godt nok. Førsteamanuensis i norsk språk ved Oslomet, Eli Anne Eiesland, har undersøkt programplanar og studieplanar for grunnskulelærarutdanninga ved alle norske institusjonar for å sjå om dei legg til rette for å utvikla studentane sine kommunikasjonsferdigheiter slik forskrifta krev. Funna er sprikande. Berre ei lita handfull institusjonar har vurdering i både nynorsk og bokmål, og svært mange har inga systematisk vurdering eller opplæring (Eiesland, 2020).

Overordna del av læreplanen peikar på at opplæringa skal sikra at elevane blir trygge språkbrukarar, at dei utviklar den språklege identiteten sin, og at dei kan bruka språk for å tenkja, skapa mening, kommunisera og knyta band til andre. For å oppnå slik kompetanse er ein avhengig av kompetente lærarar som meistrar både nynorsk og bokmål. Då er ein igjen avhengig av ei lærarutdanning som gjev lærarane den kompetansen, uavhengig av kva for type lærarutdanning ein gjennomfører. Det er òg viktig å presisera at nynorskkompetanse i denne samanhengen ikkje berre dreiar seg om språkleg kompetanse, men òg om didaktisk kompetanse. Nynorsk og bokmål har ulike vilkår i samfunnet, og det påverkar òg opplærings situasjonen. Det må tematiserast i lærarutdanningane, og studentane må få opplæring i nynorskdidaktikk.

Elevar som går på skule i ein skulekrins med nynorsk som hovudmål, har rett på å få opplæring på nynorsk i eiga gruppe og i alle fag frå 1.–7. klasse. Opplæringslova som vart vedteken 2. juni 2023 og trer i kraft frå skuleåret 24/25, utvidar retten til å få opplæring i eiga gruppe på eige språk i alle fag til å gjelde ut grunnskulen. Det vil seia at det er svært mange elevar som har rett til å få opplæring på

nynorsk i alle fag, noko som òg krev at alle lærarar har kompetanse til å gje elevane den opplæringa dei har krav på.

Alle lærarar kjem til å møta elevar som skal læra nynorsk, anten som sidemål eller hovudmål. Det er difor viktig at lærarane har god språkkompetanse i begge skriftspråka. Lærarutdanningane har eit ansvar for å sørgja for at lærarstudentane har denne kompetansen når dei kjem ut i skulen. Lærarutdanningane kan ikkje gå ut frå at studentane har fått tilfredsstillande nynorskkompetanse gjennom åra på vidaregåande.

Lærarutdanningane utdannar lærarar for heile landet, og det må utdanningane spegla. Dette er ein sentral arena der ein kan modellera for komande lærarar korleis ein kan gje elevane ei god og tverrfagleg opplæring på begge skriftspråka i alle fag.

Rammeplanane for lærarutdanningane er eit viktig verktøy for å sikra at lærarar vert kompetente til å jobba kvar som helst i landet, anten det er i eit nynorsk- eller bokmålsområde. I rammeplanane for barnehagelærarutdanningane, for GLU 1–7 og for GLU 5–10 finn me eit kompetansekrav som seier noko om kva for kompetanse studentane skal oppnå av ferdigheiter i nynorsk i løpet av studiet. I rammeplanane for GLU er det også peika på at studieplanane må seia korleis studentane skal oppnå slik kompetanse. Fleire studiar viser til at forskriftsformuleringane er viktig for at studentane ved dei ulike studiestadane faktisk får opplæring i nynorsk og nynorskdidaktikk i løpet av utdanninga si (t.d. Nordal, 2004; Jegteberg & Budal, 2021). I rammeplanane for lektorutdanninga og PPU er ikkje språk nemnt i det heile. Skal ein sikra at studentar ved desse utdanningane lærer det dei treng for arbeidslivet, må krav om nynorskkompetanse inn i rammeplanane.

Lærarutdanningane må òg kunna dokumentera nynorskkompetansen til studentane etter enda utdanning. Det vil såleis verta lettare for skuleeigar å tilsetja kompetente lærarar, i tillegg til at dokumentasjon av kompetanse kan føra til at nynorskkompetanse i større grad vert prioritert av utdanningane og studentane.

Barnehagelærarutdanninga

Rammeplan for barnehagen seier at dei eldste borna skal få oppleva at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal leggja til rette for at dei eldste borna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gje dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å byrja på skulen, og bidra til at borna kan møta skulen med nysgjerrigheit og tru på eigne evner.

For at born som bur i nynorskområde, skal verta trygge nynorskbrukarar, er det viktig at dei får variert og god skriftspråkstimulering på nynorsk. Dette arbeidet bør vera ein del av bornas kvardag frå dei tek til i barnehagen, og det bør leggjast ekstra vekt på det i arbeidet med overgangen mellom barnehage og skule. Aktivitetane er leikprega og varierte og stimulerer talespråket i tillegg til at borna blir kjende med kva skrift er og kan brukast til. Slik bidreg barnehagen til å leggja eit trygt og godt grunnlag for den fyrste lese- og skriveopplæringa i skulen.

I dag er ofte det at borna skal vidare inn i skulesystemet og læra ulike skriftspråk ikkje tematisert i barnehagesamanheng. Det gjer at mange born som skal bli nynorskelevar, ikkje får den språklege førebuinga borna som skal bli bokmålselevar får. Då stiller dei ikkje likt på startstreken ved skulestart.

I forskrift om rammeplan for barnehagelærarutdanning er det krav til studentane om at dei skal meistra nynorsk på ein kvalifisert måte i profesjonssamanheng. Då er det viktig at skriftspråkstimulering er ein del av barnehagelærarutdanninga, og at det vert tematisert at borna skal ut i skular med ulike språk som hovudmål.

GLU 1–7

I forskrift for rammeplan for grunnskulelærerutdanninga for 1. –7. trinn står det at kandidaten etter endt utdanning «mestrer norsk muntlig, norsk skriftlig, både bokmål og nynorsk, og kan bruke språket på en kvalifisert måte i profesjonssammenheng». Det er likevel ei stor utfordring at studentane ikkje når desse måla gjennom utdanninga si og såleis har eit for svakt nynorsk fagspråk for yrkeslivet. Dette går igjen utover elevane si nynorskopplæring.

Kompetansekravet om å meistra nynorsk på ein kvalifisert måte i profesjonssamanheng må liggja fast i forskrift for rammeplanen, og det må òg vera krav om at studieplanen skal skildra korleis utdanningsprogramma ved dei ulike utdanningsinstitusjonane legg til rette for ein progresjon i studentane sine kommunikasjonsferdigheiter – munnlege og skriftlege (bokmål og nynorsk).

GLU 5–10

I § 2 i rammeplanen står det skildra at eitt av læringsutbytta er at studenten «behersker norsk muntlig og skriftlig, både bokmål og nynorsk, og kan bruke språket på en kvalifisert måte i profesjonssammenheng». For at dette skal bli realisert i utdanninga, må det òg vera krav om at studieplanen skal skildra korleis utdanningsprogramma ved dei ulike utdanningsinstitusjonane legg til rette for ein progresjon i studentane sine kommunikasjonsferdigheiter – munnlege og skriftlege (bokmål og nynorsk). Dette er naudsynt for at kompetansekravet vert fylgt opp av dei enkelte institusjonane og for å dokumentera det, slik at andre kan gå inn og sjå kva som eigentleg blir gjort ved dei ulike utdanningsinstitusjonane.

I grunnskulelærerutdanninga for trinna 5–10 er det særleg viktig at korleis institusjonen sitt utdanningsprogram legg til rette for utvikling av studentane sine kommunikasjonsferdigheiter på nynorsk og bokmål, blir skildra i studieplanen, ettersom norsk ikkje er eit obligatorisk fag i denne utdanninga. Når norsk ikkje er obligatorisk, men studentane uansett skal ha den kompetansen som er skildra i rammeplanen, må kompetansen sikrast i dei andre faga, og korleis dette blir gjort, må skildrast i studieplanen.

Behovet for lærarar med god kompetanse i begge dei norske skriftspråka, vert endå større med ny opplæringslov som utvidar ungdomsskuleelevane sin rett til å gå i eigen nynorskklasse.

Fleire studiar (t.d. Nordal, 2004; Jegteberg & Budal, 2021; Nordeide, 2022) peikar på at det er behov for betre nynorskopplæring i lærarutdanninga, og rammeplanane er sentrale for å få til eit slikt arbeid.

Lektorutdanning 8–13

Studentar som går lektorutdanning 8–13, blir kvalifiserte til å jobba ved ungdomsskular og vidaregåande skular i heile landet. Det vil seia at dei er like fullt kvalifiserte til å undervisa elevar med nynorsk som hovudmål som elevar med bokmål som hovudmål. Forskrift om rammeplan for lektorutdanning inkluderer likevel ingen fastsetjingar om nynorskkompetansen til studentane og nemner faktisk ikkje språk i det heile.

Språk er ein sær s viktig reiskap for læring i alle fag, og difor er det også heilt sentralt at lærarar i alle fag meistrar elevane sine eigne hovudmål, for å kunne undervisa, rettleia, vurdere og støtta arbeidet til elevane, uavhengig om det er nynorsk eller bokmål.

Også for studentane som utdannar seg for trinna 8–13 vil den nye opplæringslova stille høgare krav til nynorskkompetansen til studentane.

Praktisk-pedagogisk utdanning

Mange av dei som jobbar på ulike trinn i skulen i dag, har praktisk-pedagogisk utdanning. Også dette

er ei nasjonal utdanning som kvalifiserer lærarar til å jobba på skular i heile landet. Difor er det heilt sentralt at praktisk-pedagogisk utdanning sikrar nynorskkompetansen til studentane, jf. punktet om lektorutdanning.

Kjeldeliste

Eiesland, E. A. (2020, 5. februar). *Er det nynorskkrise på lærerutdanningene?* Khrono.

<https://khrono.no/er-det-nynorskkrise-pa-laererutdanningene/458637>

Jegteberg, I. M. & Budal, I. B. (2022). Å padle i sirup og kjempe mot vindmøller: Fire lærerutdannarar om nynorsk i lærerutdanningane. *Skriftkultur*, 4, 129-156.

<https://doi.org/https://doi.org/10.23865/noasp.175>

Nordal, A. S. (2004). *Nynorsk i bokmålsland: ei gransking av undervisningspraksis og haldningar til nynorsk som sidemål i ungdomsskulen i Bærum* (Arbeidsrapport nr. 161). Henta frå

[https://bravo.hivolda.no/hivolda-](https://bravo.hivolda.no/hivolda-xmlui/bitstream/handle/11250/2558022/arb_161.pdf?sequence=1)

[xmlui/bitstream/handle/11250/2558022/arb_161.pdf?sequence=1](https://bravo.hivolda.no/hivolda-xmlui/bitstream/handle/11250/2558022/arb_161.pdf?sequence=1)

Nordeide, B. I. (2022). "Jeg har aldri brukt nynorsk før". *Målbryting*, 13 (2022), 53-76.

<https://doi.org/https://doi.org/10.7557/17.6196>